

## Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 15.04.2021

**Harald Ekroll** sette fram slikt forslag:

«UTTALE TIL HØYRINGSUTKAST TIL PLANPROGRAM FOR KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2023 - 2035.

Høyringsutkastet til planprogrambør gi eit godt grunnlag for det arbeidet ein skal utføre for å kome fram til ein god plan for utviklinga i Vestland fylke.

Fylkeseldrerådet meiner at Leve heile livet reforma og Eit aldersvenleg samfunn må takast inn som sentrale føringar for planarbeidet, t.d. under punkt 2 Rammer og føringar for planarbeidet.

Til deltaking, medborgerskap, mangfold, Vestland er et langstrakt fylke, og det er heilt avgjørande at deltaking blir reell for ein vellykka plan, ein vil her visa til stm 15 «Leva heile livet, og Ks prosjektet et aldersvenligt samfunn må taes med i den vidare planprosessen. FNs bærekraftsmål 11 og 3 må inn under plantema 6.3.

Ellers er Fylkeseldrerådet oppteken av følgjande utfordringar:

\*Universell utforming i vid forstand og m.a. at alle kan delta - ut frå sine forutsetningar - på alt av kulturarrangement, det vere seg fysiske eller digitale.

\*Styrking av den Kulturelle spaserstokken.

\*Einsemd og korleis få dei til å delta i kulturlivet.

\*Økonomiske førsetnader og utestenging pga. resursmangel.

\*Kulturutvikling for ikkje digitale.

\*Kultur i ei «pandemitid». Korleis planlegge for slikt framtidig.

\*Utvikling av dagsturhytte-konseptet (eks. Sandane og Trivselshagen).

Ein forskar i Senter for omsorgsforskning har uttalt at:

- Målet for kommunane framover bør være å skape eit godt samfunn for menneska som bor der.

- 3 viktige tiltak: Eit godt transporttilbud - Bedre organisering av frivillig innsats og satsing på kollektive boformer og alternative omsorgsløsningar.

Kommunane bør ta eit større ansvar for å samordne den frivillige innsatsen. Dei bør utarbeide ein frivilligstrategi for kommunen i samarbeid dei frivillige organisasjonen.

Vi trur at bruk av Frivilligsentralane er fornuftig i ein slik samanheng.

Dette er tiltak som har vår fulle støtte.

Vi må ha eit transporttilbud som er tilpassa det den enkelte bruker etterspør, for å kunne delta i ymse aktivitetar.

Når det gjeld opplegget for det vidare arbeidet med planen så så ønskjer rådet følgjande:

- Korte digitale møte det ein tek opp aktuelle problemstillingar er ok. Dette for å kunne få avklaringar undervegs i arbeidet.

- Rådet ønskjer ein representant med i prosjektgruppa og ein i kvar av gruppene som skal handtere plantema.

- Rådet er ellers åpen for å kunne delta i det som er ønskjeleg i planperioden.

Rådet føreset at før planen går til endeleg godkjenning må vi kunne få den til uttale, og det må vere i så god tid at rådet har faktisk moglegheit til å kunne påverke resultatet.»

### Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

UTTALE TIL HØYRINGSUTKAST TIL PLANPROGRAM FOR KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV 2023 - 2035.

Høyringsutkastet til planprogram bør gi eit godt grunnlag for det arbeidet ein skal utføre for å kome fram til ein god plan for utviklinga i Vestland fylke.

Fylkeseldrerådet meiner at Leve heile livet-reforma og Eit aldersvenleg samfunn må takast inn som sentrale føringar for planarbeidet, t.d. under punkt 2 Rammer og føringar for planarbeidet.

Til deltaking, medborgarskap, mangfald, Vestland er eit langstrakt fylke, og det er heilt avgjerande at deltaking blir reell for ein vellykka plan. Ein vil her vise til stm 15 «Leva heile livet, og Ks-

prosjektet eit aldersvenleg samfunn må takast med i den vidare planprosessen.

FNs bærekraftsmål 11 og 3 må inn under plantema 6.3.

Elles er fylkeseldrerådet oppteken av følgjande utfordringar:

\*Universell utforming i vid forstand og m.a. at alle kan delta - ut frå sine forutsetningar - på alt av kulturarrangement, det vere seg fysiske eller digitale.

\*Styrking av den Kulturelle spaserstokken.

\*Einsemd og korleis få dei til å delta i kulturlivet.

\*Økonomiske føresetnader og utestenging pga. ressursmangel.

\*Kulturutvikling for ikkje-digitale.

\*Kultur i ei «pandemitid». Korleis planlegge for slikt framtidig.

\*Utvikling av dagsturhytte-konseptet (eks. Sandane og Trivselshagen).

Ein forskar i Senter for omsorgsforskning har uttalt at:

- Målet for kommunane framover bør være å skape eit godt samfunn for menneska som bor der.

- 3 viktige tiltak: Eit godt transporttilbod - Betre organisering av frivillig innsats og satsing på kollektive boformer og alternative omsorgsløysingar.

Kommunane bør ta eit større ansvar for å samordne den frivillige innsatsen. Dei bør utarbeide ein frivilligstrategi for kommunen i samarbeid dei frivillige organisasjonen.

Vi trur at bruk av Frivilligsentralane er fornuftig i ein slik samanheng.

Dette er tiltak som har vår fulle støtte.

Vi må ha eit transporttilbod som er tilpassa det den enkelte bruker etterspør, for å kunne delta i ymse aktivitetar.

Når det gjeld opplegget for det vidare arbeidet med planen så så ønskjer rådet følgjande:

- Korte digitale møte der ein tek opp aktuelle problemstillingar er ok. Dette for å kunne få avklaringar undervegs i arbeidet.

- Rådet ønskjer ein representant med i prosjektgruppa og ein i kvar av gruppene som skal handtere plantema.

- Rådet er elles open for å kunne delta i det som er ønskjeleg i planperioden.

Rådet føreset at før planen går til endeleg godkjenning må vi kunne få den til uttale, og det må vere i så god tid at rådet har faktisk moglegheit til å kunne påverke resultatet.